

Låt o' Link

Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 4

desember 2004

Årgang 14



Vårflaumen hadde konsert med stoff etter Olav Hauge under Skarka på museet fyrste søndag i advent. Gunnar Kværne Amundsen spelar her for langeleikjentene Solfrid Olmhus, Hanne Bjørnødegård og Trude Bakke. Foto: Bjørn Karsrud

Set deg i godstolen og les mellom anna om:

- **Krullarkro og valfag i dans**
- **Intro-Folk**
- **Den Norske Folkemusikkscena**
- **Tankar etter eit årsmøte i LfS**

GODE LESAR AV LÅT O' LINK

Har de sett siste Spelemannsbladet? Nr. 7/04. Framsida og dei kulørte midtsidene er henta frå Jørn Hilme-stemnet, og i tillegg er Valdres eller valdrisar nemnde på 7–8 av sidene inne i bladet! Og dette er eit blad som alltid får kritikk frå sør/nord/aust/vest av mange som synest seg forbigått av redaktøren. Telemarkingane klagar visst ikkje, og me valdrisar må heller ikkje ”gjeta ei grand”. Vfl-leiaren fekk i år i oppgåve å representere laget på årsmøtet i LfS. Det er difor eg veit dette om Spelemannsbladet. Eg måtte lesa denne utgåva grundig for å vera oppdatert og for å fylgje med i debattane.

Og med dette kjem Vfl-leiaren – etter tre år i leiarrolla, og like før avgang – med ei innrømming: Eg er sjølv ikkje abonnent (hysj...) Eg var det før, men så var blada så altfor gode til å kaste, så dei hopa seg opp og stal plass i huset. No innser eg at det er inspirerende å fylgje betre med i Folkemusikk-Noreg, ikkje berre i Folkemusikk-Valdres. Totalt er me få og små. Det er viktig å kjenne til kva som rører seg. Me er tilslutta ein stor organisasjon som er talerøyr for oss i mangt eit medium, og aktiviteten i Valdres er markant i organisasjonen.

Visst kan ein ”klikke seg inn”, som det heiter, i den elektroniske verda og få med seg langt meir. Ja, gjerne det òg i tillegg, men det er flott å ha Spelemannsbladet i handa.

Sidan det no er jul snart og ein treng gåvetips, kunne eit abonnement på Spelemannsbladet vera noko, anten til seg sjølv eller andre. Eg gler meg veldig til å pakke opp att gåvekortet som eg har pakka inn til meg sjølv.

Då vil eg ynskje dykk alle ei god julehøgtid! Håpar de ikkje sluttar å lesa Låt o' Link på nyåret og går heilt over til Spelemannsbladet etter dette. Me kan ikkje rekne med like mykje omtale i kvar utgåve, eller...? Ha eit godt nytt år!

Oddrun Hegge

VALDRES FOLKEMUSIKKLAG VIL TAKKE FYLGJANDE FOR ØKONOMISK STØTTE FOR GJENNOMFØRINGA AV MUNNHØRPEFESTIVALEN I SEPTEMBER:

*Vestre Slidre Sparebank, Øystre Slidre Sparebank, Nordea, DnB Nor,
Fagernes Camping, Fagerlund Gjestehus
og Valdres Sparebankgruppe.*

NYTTÅRSFEST OG JULEBUKKMORO PÅ HERANGTUNET

Tradisjonen tru bi det fest o feiring på
Herangtune,

So merk de det alt no –
nyårseftan ska dø kji sita heime surne!
Meld de på alt i dag, detta bli noko te lag!

Men det æ kji berre nyårseftan det skjer,
Dagen fereåt mø i Spelemannsstogo de ser
rare utkleddinga, bukka o jolegeite.
Mø håpa du kjem, o at du tek tå de maska ved
midnattsleite!

Rundt klukka sjau står mø o venta,
På både de, dronninge o fenta...
Ein vælkomstdram bi det te alle so vil ha,
ettekort so venta bordseta.

I år so i fjor bi det sendingsfest.
Det vil seia at alle so vil vera gjest,
lyt bidra med noko til kveldens matgilde.
Med kjøgemeister o tale bi dæ passe høgtidle.

Nyårsfesten i år køsta hundre krono.
Meld de på i ti'n,
her bi det rift um plassen i røno.
Festen vara te de ulma i gløno...

Julebukkmoro 6. dag frå klukka 20.00
Nyttårsfest frå klukka 19.00
Påmeldingsfrist (gjeld berre nyttårsfesten): 18.
desember til
nyttarsfest@hotmail.com eller
Telefon: 90 72 26 90 / 91 85 15 07

Med helsing frå nyttårskomiteen

VALDRES FOLKEMUSIKKLAG FÅR EIGA HEIMESIDE

Det har i lengre tid vore arbeid med å få til ei eiga heimeside for Valdres Folkemusikklag. No blir dette realisert. I løpet av januar blir sida tilgjengeleg. Heimesida skal innehalde nyttig informasjon om Vfl, slik som primstav, historikk, lokallaga, siste nytt, kontaktpersonar, peikarar o.a.

Adressa for heimesida blir:
www.valdresfolkemusikklag.no

Solveig Hårdnes

Vårflaumen spel- og
dansarlag proudly presents:

LATE NIGHT SHOW
– med Berit Opheim og
Arne Anderdal Storkonsert
på Briskeby Cafe laurdag
11. desember, frå klokka
19.30.

Etter konserten blir det heidundrande
dansefest til tonar frå blant andre
Jan Beitohaugen Granli, Gunnar
Kværne Amundsen, Magne Olav
Selland og Kjellbjørn Karsrud.
Inngang kroner 100 for vaksne, 50
for born.
Nesten alle rettigheter.....

*Konserten er i samarbeid med
konsertscena Briskeby café.*

Ein meir populær møteplass etter kvart

Dagleg leiar i Valdres Folkemusikklag, Solveig Hårdnes, er førebels nøgd med gjennomføringa av den nystarta Folkemusikkscena på Fagerlund Gjestehus. Sidan oppstarten i februar i år er totalt seks konsertar presentert for valdrisane. Fyrste konserten var med Ingvild Garnås med musikarar, vidare Tre Begrædelige Piger, Jon Anders Halvorsen og Tore Bruvoll, Marit Mattisgard og Anders Røine, Valkyrien med blant andre Ola Hilmen og no i november felebrørne Einar Olav og Gjermund Larsen.

Solveig er nøgd med konserttrekka, og talet på publikum som har vore ein stad mellom 20 og 40 kvar gong.

– Det er sjølvsagt ynskjeleg med fleire folk, men dei som har vore der, har iallfall kosa seg, seier ho. – Difor håpar og trur eg at Folkemusikkscena vil bygge seg opp å bli ein populær møteplass som etter kvart trekkjer endå fleire.

Solveig fortel at arbeidsgruppa allereie er i gang med å planlegge nye konsertar. Solveig er dessutan glad for gjestfriheita og interessa for Den Norske Folkemusikkscena hjå eigarane av Fagerlund Gjestehus. Den Norske Folkemusikkscena er støtta av Kulturdepartementet og Landslaget for Spel menn. Enkelttiltak har fått støtte frå Musikkverkstadordninga, Fond for utøvande kunstnarar, Norsk Kulturråd, Nordisk kulturfond og Rådet for folkemusikk og folkedans.

Knut Aastad Bråten



*Tre
begrædelige
piger vitja
Folkemusikkscena
på Fagernes i
haust. Foto:
Bjørn Karsrud*

VALFAG I DANS PÅ VALDRES VIDAREGÅANDE

No har det vorte alvor av planane om å få til eit valfag i tradisjonsdans på Valdres vidaregåande skule. Dette er eit samarbeid mellom skulen, Ung i Valdres og Valdres Folkemusikklag. Instruktørar er Stian Roland, Ulf Arne Johannessen og Tone Voldhaug.

Sjølv om det no ser litt mørkt ut for ”Bygda dansar”-prosjektet, er det løyvd 100 000 kr frå fylket. Desse midlane lyt me prøve å sikre til distriktet, og mellom anna går noko til dette valfaget. Elisabeth Kværne har vore ein pådrivar her.

I starten var det sju som var interesserte i valfaget, men no har me sytten namn på lista vår, deriblant Kjellbjørn Karsrud som stiller opp med fela og spelar til dans. Ulf Arne har med seg toradar, og dermed har me variert dansespel på øvingane. Det er ein fin gjeng å jobbe med, og me er komne godt i gang no, sjølv om me starta litt utpå hausten.

So langt har me dansa springar, bonde, galopp, reinlender og litt halling. Me må berre innrømme at det kjem til å lure seg inn litt swing òg, no før julefestsesongen. Me har elles invitert alle som har lyst til å prøve seg på halling, til ei open øving. Når me har vore gjennom grunnprinsippa i dei ulike dansane, vil me kanskje dra inn ressurspersonar i Valdres, og bruke dei video-opptaka me har av danse-tradisjon i Valdres. Det er viktig å gje elevane eit allsidig bilete og forståing av kva dansen er, og korleis han har vorte brukt – sosialt!

Når me har kome so langt, er det meininga at me skal flytte dansen til ei scene i ein eller annan samanheng. Lite eller del av noko større, dette er i startgropa enno. So får me tru at me greier å engasjere og rekruttere inn i folkemusikkmiljøet! Me instruktørane synest iallfall at det er gjevande og moro å arbeide vidare med dette.

Stian, Ulf Arne og Tone

KRULLARKRO

Som de kanskje har fått med dykk, har Valdres Folkemusikklag sett i gang med Krullarkro året rundt. Dette er ein suksess frå Strunkeveko som me syntest det var gull verdt å vidareføre. Krullarkro er sosiale kveldar for spel- og danseinteresserte ungdommar frå 13 år og oppover. Her er det muleg å øve seg i å spela til dans, og å lære å danse. Instruktørar i haust har vore Ole Aastad Bråten og Ellen Persvold. Det har vore 15–20 på øvingane så langt.

Kveldane har til no vore på fredagar ein gong i månaden. Det kan bli ein annan vekedag etter nyttår, men det er ikkje bestemt enno. Ialffall kjem tilbodet til å halde fram, og dessutan blir det ei helgesamling med overnatting, så her er det berre å følgje med! Sjå etter annonse i avisa Valdres og plakatar på nyåret.

PRIMSTAVEN JANUAR–MARS 2005

Desember

Fredag 10.	Krullarkro	Vfl	Valdres folkehøgskule kl. 19
Laurdag 11.	Storkonsert og dans	Vå	Briskeby kafé kl. 19.30
Måndag 13.	Springarøving	ViO	Blåsalen kl. 19.30
Fredag 17.	Julesong	Vkv	Heensåsen kyrkje
Sundag 19.	Sundagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Torsdag 30.	Julebukkmoro	ØS	Herangtunet kl. 20
Fredag 31.	Nyårsfest	ØS	Herangtunet kl. 19

Januar

Fredag 7.	Fredagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 20
Onsdag 12.	I skumringstima	Vå	Frydenlund kl. 18–19
Sundag 16.	Sundagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Onsdag 26.	I skumringstima	Vå	Frydenlund kl. 18–19

Februar

Fredag 4.	Intimkonsert med felegruppa og dans	ØS	Spelemannstogo kl. 19.30
Onsdag 9.	I skumringstima	Vå	Frydenlund kl. 18–19
Sundag 20.	Sundagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Onsdag 23.	I skumringstima	Vå	Frydenlund kl. 18–19
Fredag 25.	Årsmøte	Vå	Slidrehuset kl. 18
	Dansekveld	Vå	Slidrehuset kl. 20

Mars

Fredag 4.	Fredagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 20
Onsdag 9.	I skumringstima	Vå	Frydenlund kl. 18–19
Fredag 11.	Årsmøte	Vfl	Medieteket i Slidre kl.
Laurdag 12.	Lokalkappleik/ runddansstemne	Vfl	Slidre samfunnshus

LÆR DEN VERDSBERØMTE HALLINGDANSEN!

Onsdag 12. januar kl. **18.00** startar eit hallingkurs for tøffe jenter og tøffe gitar. Her får du lære mellom anna kruking og det spektakulære hallingkastet. Lærarane heiter Gustav Berger og Steinar Erland Bakken. Dei er veldig flinke. Spelguten er også veldig flink: Jøgrim Søyland. Kurset blir i gymsalen på **Kulturskula** (gamle Fagernes skole). Kurset kostar 200 kroner for deg som er medlem i Vårflaumen spel- og dansarlag. For deg som ikkje er medlem i laget, kostar det 300 kroner. Kurset går over åtte kveldar.

Påmelding til Ole (90763635)).

KURS I LAGA

Valdreskvelven spel- og dansarlag

-Hallingdans, sang, langeleik og gamaldans annankvar tysdag fram til påske i Thorpe skule.

Vestre Slidre folkemusikk- og danselag

-Langeleikøvingar på Vestre Slidre sjukeheim desse fredagane: 21.1., 4.3.

Vårflaumen spel- og dansarlag

-Springarkurs m/Ellen Persvold og Knut Aa. Bråten (tlf. 907 68 797) på Ulnes skule. Fyrste gong tysdag 11.1. kl. 19–21. Pris: medlem kr 300, ikkje-medlem kr 400.

-Hallingkurs m/Steinar Erland Bakken og Gustav Berger på Gamle Fagernes skole. Fyrste gong onsdag 12.1. kl 18. Pris: medlem kr 200, ikkje-medlem kr 300. Kontaktperson Ole 907 63 635.

-Toradar, nybegynnarkurs m/Tom Kjetil Tørstad og Daniel Storengen på Ulnes skule. Fyrste gong 13.1. kl. 18–21. Kontaktperson Alice 971 81 545.

-”I skumringstima” – song og eventyr for ungar 4–10 år m/Berit Schippers (tlf. 909 44 342) ofl. på Frydenlund i Aurdal. Fyrste gong 12.1. kl. 18–19.

-Feleøvingar hjå Kjellbjørn (tlf. 404 51 798) i Sylvsmedv. 44, Leira desse torsdagane: 13.1., 27.1., 10.2., 24.2., 10.3., 24.3., 14.4., 28.4., 12.5., 26.5., 2.6. og 16.6.

-Fleire opplysningar kjem på nettet og i avisa. Du kan òg kontakte Knut Aastad Bråten på tlf. 907 68 797.

Øystre Slidre spel- og dansarlag

-Instruksjon i hardingfele annankvar torsdag frå kl. 19.00, samspel frå kl. 20.00.

-Mehanken kvar laurdag kl. 11 på Volbu skule.

-Lått o leven held fram, men datoar er ikkje fastsette. Kontaktperson Stian, tlf. 907 22 690.

-Langeleik, song og toradar: Kontakt Jorunn Nordli på tlf. 418 02 584 for meir informasjon.

Molde var sentrum for LfS 5.–7. november!

ÅRSMØTE I LANDSLAGET FOR SPELEMENN

Som fyrstegongs deltakar på eit årsmøte i Landslaget for Spelemenn fann underteikna plassen sin i årsmøtesalen i Molde. Eg skulle gjerne hatt med fleire på Valdres-benken; det er alltid godt å vera fleire frå same laget for å drøfte oppfattinga av innhaldet i møtet. Difor blir dette ein svært subjektiv stemningsrapport.

Helga var todelt. Laurdagen opna med eit miniseminar der deltakarane fekk presentert tre emne: *Folke:larm, nye nettsider og sjokoladekappleik, og dokumentasjonsprogram* (korleis finne system for å dokumentere all folkemusikk-aktivitet, noko å slå i bordet med overfor sponsorar og offentlege myndigheiter).

Vår eigen Frode Rolandsgard, som er midt inne i ein styremedlemsperiode, la fram ideen om *folke:larm*. Det skal vera ei rettleiing/opplæring og ein presentasjon av profesjonelle utøvarar. *Nye nettsider*: LfS har nytta seg av eit profitt byrå som har laga lett tilgjengelege system. Klikk deg inn, link og vink til eitt og hitt. Lett å oppdatere og lett å hekte seg inn på for lokal- og fylkeslag som vil fylgje same profilen.

Sjokoladekappleikane breier seg ut. Me fekk skissert korleis det har fungert i Seljord, men sidan Valdres er ein av fire plassar der dette alt blir gjennomført (Strunkeveko), er me altså alt på banen.

Arild Hoksnes er for tida inne i ein avrundingsfase for konsulentoppdraget sitt. Han har i to år vore engasjert som bindeledd mellom det sentrale organet og lokalleddet i samband med organiseringa av landskappleikar og landsfestivalar. I tillegg skulle stillinga innebera å jobbe fram gode sponsoravtalar. Som Landskappleik-tilskipar i 2006 ser Vfl fram til sluttrapporten som skal leggjast fram i april neste år. Hoksnes hadde ei lengre innleiing om arbeidet med å skaffe sponsor for organisasjonen. Han har lykkast i svært liten grad med å håve i land midlar, og det skal han ikkje ha berre kritikk for. Pengar sit ikkje laust i dag, og ein sponsor legg gjerne føringar for den han støttar. Det er ikkje lett å presentere Folkemusikk-Noreg for folk som ser verda gjennom målbare resultat. Kunne ein måle låttar og dans i tid eller kilo, vore det lettare.

Så var det årsmøtet: Leiaren, Randi Skeie, heldt ei flott leiartale. Der var det mykje varme, omtanke, vyar og rotfeste, fint bunde saman med songen ”Hoss slapp du ivi bekken, du vesle gut du vesle gut”. Det slo meg at ein mannleg leiar aldri kunne halde ei tilsvarande tale.

Møtet heldt til tider høg temperatur. Handlingsplanen var ei av hovudsakene. Organisasjonen har arbeidd på spreng med ein strategiprosess etter årsmøtevedtak på Voss i 2003. Arbeidet har vore leidd av konsulenten Clas van Ommeren. Gjennom året har det vore store ambisjonar i lufta, og styret hadde til årsmøtet greidd å koke dette ned til meir gjennomførbar konsistens. Ommeren, som

hadde ferdigstilt oppdraget sitt, møtte som vanleg utsending på årsmøtet og gav seg sjølv ei uheldig blandingsrolle der han heldt fram med å prate som konsulent, ri sine kjepphestar og jamvel kritiserte oppdragsgjeveren sin. Det vart sikkert nok konsulentprat for årsmøtelyden, som etter kvart tok til orde for skepsis ved å bruke for mykje av innleigd dyr hjelp. Ein nylaga lått fekk jamvel namnet ”sponsor-konsulenten”.

Romsdal Spelemannslag var vertskap for årsmøtet, og det følte me verkeleg heile vegen frå velkomst-innslag, fakkeltog til Romsdalsmuseet om kvelden med flott konsert der, kaffi og svele, og eit handtrykk og overrekking av eigen CD til kvar deltakar ved avrunding av årsmøtet. Lokalt vertskap

har ei viktig rolle for at deltakarane skal føle seg vel og få med seg identiteten til plassen ein har opphalde seg på ei interessant og inspirerande helg.

Eg oppmodar til stor valdresdeltaking neste år, truleg på Beitostølen! Oddrun

Klikk deg inn på LfS sine heimesider

– www.folkemusikk.no –
og les om:

folkemusikkaksjon.no,

folkemusikkarena.no,

folkemusikkinfo.no,

folkemusikklag.no

folkemusikkmarknad.no

folkemusikktrad.no

folkemusikkung.no,

**som er sju vedtekne delprogram,
program som Vfl bør forhalde seg
til i sine vidare planar for å skapa
heilskap i organisasjonen.**

SITTER DU PÅ GAMLE GODE RUNDDANSLÅTER?

Halvard Skrindsrud og Ingunn Bjørgo er i gang med å samle inn runddanslåter fra Valdres. Målet er å gi ut cd-er og noter, slik at dette stoffet blir lett tilgjengelig for allmennheten. Ingunn er aktiv kursholder på torader, og har lenge irritert seg over at «alle» spiller gudbrandsdalsmusikk. Hvor blir det av valdreslåtene? Har du lyst til å bidra med kunnskap og tradisjon, eller kanskje du har lagd en og annen låt selv? Vi tar gjerne en prat! Da håper vi å høre fra deg!

Halvard treffes på 6136 0128, Ingunn treffes på 9132 4861.

E-post : ingubj@frisurf.no
www.askerladden.no

FINALEN FOR INTRO-FOLK 2005 TIL FAGERNES

I haust fekk styret for Jørn Hilme-stemnet den gledelege meldinga at vi er tildelt finalen for INTRO-folk 2005, eit resultat av godt førearbeid av Guro og Frode. Tildelinga vitnar om at Jørn Hilme-stemnet er eit av dei viktigaste nasjonale arrangementa for formidling av norsk folkemusikk. Dette gir Jørn Hilme-stemnet nok eit lyft, og er eit bidrag til utvikling av festivalen.

Om INTRO-folk:

INTRO-folk er eit heilt nytt lanseringsprogram for unge, lovande folkemusikarar der det overordna målet er å styrke norsk og samisk folkemusikk. INTRO-folk kårar "Årets unge folkemusikarar" i juli 2005!

Med INTRO-folk vil ein skape ein arena der utvalde unge folkemusikarar får utvikle seg som kunstnarar og får røynsle i formidling av folkemusikk på eit høgt nivå. Gjennom deltaking på toneangivande festivalar får eit breitt publikum bli betre kjent med dei som musikkutøvarar.

Presentasjon av alle deltakarane vil syne fram breidda og nivået på unge norske folkemusikarar, og bidra til musikarane si vidare karrierebygging. Vinnaren får ei skreddarsydd lanseringspakke for 2005 og 2006.

Bak INTRO-folk står Rikskonsertane, Folkemusikkscena, Norsk Folkemusikkformidling, Den norske folkemusikkveka i Ål, Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, Riddu Riððu festivalen, Telemarksfestivalen, Jørn Hilme-stemnet, Osafestivalen, Norsjøfestivalen "Sailor's Wake" og Kalottspel.

INTRO-klassisk og Jazzintro er allereie godt etablerte lanseringsprogram som har fått god omtale. Artistar som har vunne Jazzintro eller INTRO-klassisk, har fått hjelp til å setje fart på karrieren sin i Noreg, og nokre har også vorte kjent i utlandet. No står folkemusikken for tur.

Kven kan søkje?

Alle kandidatar skal halde eit profesjonelt nivå og ha eit klart potensial til å vidareutvikle musikalsk dugleik og idear. Artistar kan melde seg på både som solistar og som del av ei gruppe. Grupper må ha spelt saman over lengre tid. Solistar skal vere født i tidsrommet 1.1.1975 – 31.12.1986. For grupper skal gjennomsnittsalderen ikkje vere høggre enn 27 år. Dei som søkjer, må sende relevant informasjon om seg sjølv, og opptak av spelet sitt.

Søknadsfristen er 7. januar 2005, og skal sendast til Den norske Folkemusikkscena ved Asgaut Bakken. For meir informasjon kan de sjå på Rikskonsertane si heimeside: www.rikskonsertene.no

Så, kjære unge utøvarar i Valdres og i landet elles som vil satse på ein karriere som folkemusikar: Send ein søknad i januar, dette er ein unik sjanse!!

Solveig Hårdnes

Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringer for gårdbrukarar,

- Bolighus
- Driftbygningar
- Løsøre
- Husdyr
- Traktorer
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale sparebank eller Torbjørn Langsdegård ved vårt felles salgskontor på Fagernes



Private forsikringar

Vi kan ordne alle forsikringer for privatkunder

- Bolighus
- Biler
- Fritidsboligdommer
- Motorsykkel / moped
- Reiseforsikring
- Verdtjenestandard

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikke er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes

Livsforsikring

Vi kan dekke alle dine behov for forsikring av liv og helse

- Død
- Uførekapital
- Uførepensjon
- Operasjonsforsikring
- Krittisk sjukdom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikke er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes



Etnedal Sparebank – tlf. 61121500 – www.etnedalsparebank.no
Vang Sparebank – tlf. 61367600 – www.vang-spb.no
Vestre Slidre Sparebank – tlf. 61343600 – www.slidrebanken.no
Øystre Slidre Sparebank – tlf. 61340950 – www.osbank.no
Salgskontor Fagernes – tlf. 61366638 – www.sparebankgruppa.no

B



NORGE

P.P.



*To dyktige langeleikspelarar:
Ragna Brenno Frydenberg og Marit Steinsrud.*

Foto: Elisabeth Kværne

Knut Hermundstad skriv om jola i boka «Ættarar»

»Etter kveldsmaten joleeftan las husfaren eller kjerringi i huset bøni som står i salmeboki for joleeftan, og so søng alle i huslyden tren gonger «Et lite Barn så lystelig er født for os på Jorden».

Knut Hermundstav skreiv også ned ein jolerelatert song:

*Ja, no er jole endi
o gle-in den e all,
o alla våra gjento
era falne i eit fall.
Den fyste ligg på låva.
Den are har fått sova.
Den trea ligg o tenkji
på den ho ei kan få!*

God jul og godt nytt folkemusikkår!

RETURADRESSE:

VALDRES FOLKEMUSIKKLAG, TYINVEGEN 27, 2900 FAGERNES